

Klage på Avslag på søknad om skadefelling av hjort, gbnr. 219/2, Vike

Dykkar ref. 20/8013 - 23/39892

Slik eg forstår Alver kommune sitt avslag datert 25.05.23 er det gitt avslag på underteikna sin søknad om skadefelling av hjort med heimel i naturmangfaldloven §18 fjerde ledd. Eg er ikkje einig i kommunen si tolking av regelverket.

§18 i nemnde lov seier ikkje noko om utnytting av jaktrett, og at ein eventuell dårleg manglande bruk av den kan gje grunn for avslag. Det loven derimot seier noko om er at myndigheitene kan gje tillating til skadefelling av vilt for å avverge skade på avling. Soleis bør kommunen gje tillating, då det i aller høgaste grad skjer ei pågåande skade på vår grasavling.

Som nemnt i søknaden om skadefelling har me ein del hjort gåande på innmarka no. Det er uvanleg i den forstand at det er sumar og godt med mat elles i utmarka. Me er vane med, og dels aksepterar mykje hjort om våren. Men, slik som no er me vane med at hjorten heldt seg i utmarka. Og endå verre så går han heile dagen, ikkje berre om natta som den plar gjere. Det gjer dette til noko me ikkje kan akseptera lenger, og det må setjast inn tiltak. Som òg tidlegare nemnt har me prøvd ei rekkje tiltak over fleire år. Me spring etter dei så ofte det lar seg gjere, som kan vere 8-10 gongar i løpet av ein dag. Me har sett opp skremsel, altså menneskeliknande figurar. Me har eit 2,5 meter høgt viltgjerde som hindrar hjorten i å kome direkte på innmarka, han må gå via andre eigedomar for å koma til oss. I seinare tid har me etter samtale med landbruk skote for å skremme dyra. Eg har vore på 25m hald og gjort dette midt på dagen. Resultatet var at dei lunta av garde etter to skot og roping og hoiing, og kom att etter ein time. Dette har eg gjort mange gongar. Me føler me har gått tom for verkemiddel, anna enn å skyte individa som gjer skade. Eg kan sjølv sagt ikkje sei 100% sikkert at det er dei same individa som kjem att, men det er eit overvegande sannsyn for det. Og forhåpentleg vil uttak at eitt eller nokre få dyr skremme dei andre, spesielt no når det finns mat i rikeleg monn andre stader. Bengtsson peikar på at me ikkje har bruka jaktretten vår, og at dette ville redusert problemet. Det kan han ha rett i. Men det er ikkje sikkert. Me har aldri skote dyr på innmark, og jaktar som regel langt frå garden. 2-5km i luftline i kupert terreng. Så dette kunne fort vore eit problem uansett. Men, slik som det er, er det ikkje eit verkemiddel me har som alternativ for augneblinken. Me har prøvd etter beste evne å få i stand jakt, men har ikkje lukkast. Og når me nærast har prøvd alle andre verkemiddel, har me etter mitt syn gjort meir enn det som ein kan forvente for å redusere problemet.

Så etter §18 i naturmangfaldlova, kan eg ikkje sjå at kommunen kan gje oss avslag på søknaden om skadefelling, og eg ber dykk gjere om vedtaket og gje løyve til dette.

Eg ber samstundes om rask sakshandsaming, då me må redusera tapet av avling så fort som råd er.

Mvh.

Torgeir Andvik

gbnr. 219/2 Vike

